

SKIPINGSBREV

for

SPAREBANKSTIFTINGA TYSNES

1 BAKGRUNN FOR STIFTINGA

Forstandarskapet i Tysnes Sparebank har i møte den [•] vedteke at banken slås saman med Haugesund Sparebank, ved at sparebankverksemda i Tysnes Sparebank vert overteken og vidareført gjennom Haugesund Sparebank og at Tysnes Sparebank skipar ei stifting som skal fremja sparebankverksemd i Tysnes Sparebank sitt marknadsområde gjennom å eiga eigenkapitalbevis og disponera utbyte til almennyttige føremål.

Sparebankstiftinga vert skipa i samsvar med finansforetakslova § 12-3, jf. § 12-4, jf. § 12-19 og § 12-24.

2 STIFTINGA SITT FØREMÅL

Stiftinga sitt føremål er å forvalte eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, og å stå for ein langsiktig og stabil eigarskap i Haugesund Sparebank. Stiftinga skal i tillegg plassere midlane på ein føremålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til tryggleik, risikospreiing, likviditet og avkastning.

Stiftinga skal disponere overskot og gje bidrag til almennyttige føremål. Gjennom disposisjonar skal stiftinga først og fremst ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Tysnes Sparebank.

Gjennom verksemda si skal stiftinga gjennom eigarskapen sin i Haugesund Sparebank og vidareføring av sparebanktradisjonane sikra eit godt lokalt forankra sparebanktilbod i Sunnhordland. Elles kan stiftinga stå for anna verksemd som kan sameinast med nemnde føremål og dei rammer som til ei kvar tid følgjer av regelverket for sparebankstiftingar.

3 STIFTINGA SIN KAPITAL

Stiftinga vert skipa med 1 173 599 eigenkapitalbevis kvar lydande på NOK 100 i Haugesund Sparebank og eit kontantbeløp på NOK 1 500 000. Stiftinga sin grunnkapital er NOK [60 000 000]. Stiftinga sin totalkapital ved opprettinga til utgjere NOK [*].

Stiftinga kan ta i mot ytterlegare midlar utover avkastning på stiftinga sin kapital etter samtykke frå styret i stiftinga. Ei avgjersle om at slike midlar skal leggjast til grunnkapitalen, vert teken av generalforsamlinga. Stiftinga kan ikkje ta i mot midlar dersom det er knytt vilkår til disponeringa som ikkje er i samsvar med stiftinga sitt føremål.

4 SAMANSETJING AV STYRET

Stiftinga skal ved skipinga ha eit styret på 3 - 5 medlemmar som blir oppnemnde inntil val er gjort av generalforsamlinga. 2/3 av medlemane skal vere personar med bustadadresse i Tysnes kommune.

Følgjande personar vert valde som styremedlemar:

[Navn] (styreleiar)

[adresse]

[Navn] (styremedlem)

[adresse]

[Navn] (styremedlem)

[adresse]

5 SAMANSETJING AV GENERALFORSAMLINGA

Stiftinga skal ved skipinga ha ei generalforsamling som består av 6 medlemar og 3 varamedlemar som blir oppnemnde inntil ordinære val er gjennomførte.

Følgjande personar vert valde som medlemar av generalforsamlinga:

[Navn]

[adresse]

[Navn]

[adresse]

[Navn]

[adresse]

[Navn]

[adresse]

[Navn]

[adresse]

[Navn]

[adresse]

Følgjande personar vert valde som varamedlemar av generalforsamlinga:

[Navn]

[adresse]

[Navn]

[adresse]

[Navn]

[adresse]

6 VALKOMITEEN

Stiftinga skal ved skipinga ha ein valkomité som består av 3 medlemar som blir oppnemnde av forstandarskapet i Tysnes Sparebank inntil ordinære val er gjennomførte. Følgjande personar vert oppnemnd som medlemar av valkomiteen:

[Navn] (leiar av valkomitéen)

[adresse]

[Navn]

[adresse]

[Navn]

[adresse]

7 REVISOR

Fram til val er gjort av generalforsamlinga skal stiftinga si revisor være:

[•]

8 VEDTEKTER

Stiftinga skal ha vedtekter som angitt i vedlegg 1 til dette skipingsdokumentet, godkjende av Finanstilsynet.

9 OPNINGSBALANSE

Skiparane vedtok opningsbalansen innteke som vedlegg 2 til dette skipingsdokumentet. Ei fråsegn frå revisor om at balansen er utarbeidd i samsvar med rekneskapslova sine reglar er lagt ved skipingsdokumentet som vedlegg 3.

Sparebankstiftinga skal bære kostnadene ved skipinga. Kostnadene er vurdert til [•].

10 DISPONERING I OPPSTARTSÅRET

I oppstartsåret 2024 kan utdeling av kontantbeløp som er tildelt sparebankstiftinga ved skipinga eller seinare gjennomførast i samsvar med dei vilkår som gjeld for tildelinga. Utbytte som sparebankstiftinga vert tildelet på eigenkapitalbevis i Haugesund Sparebank for 2024 kan delast ut som gåver for inntil ein halvpart (50 prosent) i 2025.

11 DATO FOR SKIPING AV SPAREBANKSTIFTINGA, ADRESSE M.M.

Stiftinga vert skipa som følgje av samanslåing av Haugesund Sparebank og Tysnes Sparebank etter finansforetaksloven § 12-3, jf. § 12-4, jf. § 12-19 og § 12-24 og ovanføre under punkt 1, og vedtak av Finanstilsynet den [dato].

Dato for skiping av stiftinga er dato for registrering av samanslåinga av Haugesund Sparebank og Tysnes Sparebank i Føretaksregisteret etter finansforetaksloven § 12-6. Frå same tidspunkt vert grunnkapitalen stilt til rådvelde for Sparebankstiftinga Tysnes. Melding til Føretaksregisteret vert sendt inn samstundes for alle delane av transaksjonen som er skildra i punkt 1 ovanføre.

Sparebankstiftinga si forretningsadresse skal vera i Tysnes kommune.

Tysnes/ [dato]

Bente Jorunn Raknes (styrets leiar)

Elisabeth Sandven (styrets nestleiar)

Ingvild Aslaksen Hustad

Tor Brattebø

Børge Pedersen

Steffen Sleire Opdal

Vedlegg

1. Vedtekter for Sparebankstiftinga Tysnes
2. Opningsbalanse for Sparebankstiftinga Tysnes
3. Revisor si fråsegn om opningsbalansen